

Vedtak Plassering av barneskule i Sogndal sentrum

Kulturråd si handsaming av sak 9/2023 i møte den 01.03.2023:

Handsaming

Sogndal kulturråd er bedt om å gje utale om plassering av barneskule i Sogndal sentrum. Sogndal kommune planlegg ny barneskule i Sogndal. Det er lagt fram tre ulike alternativ: Kvåle, Trudvang og Fosshagen.

Uttale

Sogndal kulturråd er opptatt av at Sogndal skal ha eit levande og trygt sentrum der det er kort avstand mellom offentlege institusjonar. Døgnoopen sentrumsskule er eit viktig element her. I tillegg er det viktig med kort avstand mellom skule og kulturskule.

Her peikar Trudvang seg ut som beste alternativ. Kulturrådet meiner òg at det er viktig å lytte til lærarstanden som har peikt på Trudvang som beste alternativ.

Sogndal kulturråd er òg opptatt av at bygget får ein god estetisk utforming og er tilgjengeleg og har god romutforming som stettar behova til frivillige lag og organisasjonar. Jf. Vaksenopplæringslova som gir lag og organisasjonar som driv kurs i regi studieforbundet rett til gratis bruk av offentlege undervisningslokale. Her er det viktig at rom får god akustikk og gode lysforhold. Her viser vi òg til at kommunen har starta arbeidet med retningslinjer for kunst i offentleg rom og at det er naturleg at det vert følgt opp i arbeidet med planlegging av ny skule.

Sogndal kulturråd oppmodar Sogndal kommune om å sjå til Oslo kommune. Oslo kommune har utarbeidd eigne krav om at kommunale nybygg eller ved ombygging skal bygga ha rom eller lokale eigna for lag og organisasjonar.

Vidare ser Sogndal kulturråd at det er stort potensiale for samhandling mellom Sogndal helse- og omsorgssenter og skulen og at dersom ein gjer gode grep i utforming av skulen kan dette medverke til å styrke det sosiale miljøet rundt Trudvang.

Med helsing

Reidun Sørestrand Hågvar
avd.leiar arkiv og politisk sekretariat

Brevet er elektronisk og er utan underskrift.